

**From:** Christopher Moestue <christopher@moestue.com>  
**Sent:** mandag 2. september 2019 14.33  
**To:** Høye Øverland; NVE  
**Cc:** jortelnes42@gmail.com; 'Petter F. Ringvold'; Laila Perine Høivik  
**Subject:** [SPAM] Re: Sundsbarm Kraftverk (SK), Fornyning av konsesjonsvilkår

Hei Høye,

At det er vært en oppdatering av skjønnsvilkårene var nytt for meg. Var du informert om dette allerede i 2015?

I så fall hvorfor informeres ikke alle grunneiere om dette? Petter Ringvold kan ikke huske å ha mottatt informasjon om dette heller.

Jeg lette faktisk etter skjønnnet hjemme i forrige uke men kan ikke finne det i fars gamle arkiver. Hvor kan jeg finne, (eller hvem sende meg) de opprinnelige og gjerne oppdaterte skjønnsvilkårene?

Med vennlig hilsen,

Christopher Moestue  
e-post fra mobil  
Tel: +47 90 11 44 41

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Høye Øverland <ho-oev@online.no>  
Dato: 02.09.2019 13:28 (GMT+01:00)  
Til: nve@nve.no  
Ko: jortelnes42@gmail.com, Christopher Moestue <christopher@moestue.com>, "'Petter F. Ringvold'" <air.express@online.no>, lph@nve.no  
Emne: Sundsbarm Kraftverk (SK), Fornyning av konsesjonsvilkår

Hei,

Eg viser til dagens telefonsamtale med Laila P. Høivik.

Saka gjeld traktorvegen til Sansetvatnet. Da da prosessen med oppdatering av skjønnvilkåra starta i ca 2015, ba saksbehandlar i kommunen alle om å komme med innspel. Etter samtaler kom det fram at dette ville bare gjelde miljømessige aspekt. Spørsmål vedrarande anleggsvegar var dei ikkje interessert i. Det heile gjekk derfor i gløymeboka, og vi oversåg fristen i slutten av 2016 om ei generell innlevering av innspel. Først nå dei siste dagane er vi blitt merksame på denne glippen, og vi sender temmeleg forsinka dette innspelet. Dette er jo også i forkant av befaringa i området i morgon 03.09; så det passar jo for så vidt bra.

Etter skjønnsprossane rundt 1970 enda Sundsbarm Kraftverk opp med rett til ferdsel på vegen, men ikkje plikt til å bidra til eit ordentlig vedlikehald. Veggen er i to delar. Den nedre delen går over grunnen til Olav Skuldalen, og den øvre delen går over grunnen til Åmotstaulliene og Skarbu. Storparten av den øvre delen går gjennom det relativt nyetablerte naturvernområdet

Brattefjell/Vindeggen. For å begrense ferdselen i naturvernområdet og for å skaffe pengar til vedlikehald på den delen, er det låst bom og innkreving av bompengar ved starten av den øvre delen. For den nedre delen bidrar SK med ein symbolsk årleg sum som ikkje reflekterer dagen prisnivå, medan på den øvre delen har det ikkje vore nokon formell plikt til å bidra til vedlikehald; bare ad hoc løysingar basert på god vilje hos enkeltpersonar i SK.

SK treng vegen til å komme fram til Dam Sandsetvatn for drift, inspeksjon og vedlikehald av bygningsmassen- Det var SK som bygde vegen, og det var SK som dimensjonerte grøfter og stikkrenner basert på eigne spesifikasjoar. Alle vegar treng systematisk vedlikehald for å halde ved like opprinneleg standard. Og, sidan slutten på 1960-talet har klimaet endra seg. Hyppigheten og intensiteten av regnbygene har auka, og vinterveret har endra seg med større risiko for ising i grøfter og stikkrenner med tilsvarande større risiko for utgraving av vegbanen. Dette aukar graden av årleg vedlikehald, og aukar risikoen for dyre reparasjonar om delar av vegen blir vaska ut. Eg legg derfor fram følgjande krav på vegne av grunneiarane langs traktorvegen til Sandsetvatnet:

I dei fornya skjønnsvilkåra skal det stillast krav til Sundsbarm Kraftverk om

- Å bidra til systematisk årleg vedlikehald med beløp som svarar til kostnadsnivået i tida
- Å koste reparasjonar på vegen som følgje av underdimensjonert opprinneleg standard på vegen.

Med venleg helsing  
Høye Øverland  
Tlf 901 37 527